



Strikkar fjorden



Utkast: Jen Pepper byrja sjølv å strikka fjorden, men då ideen om eit kunstverk i stor skala kom, ville ho involvera meir strikkekyndige damer.

Vatn: Den amerikanske kunstnaren Jen Pepper er inspirert av vatn som noko som alltid er med oss, men samstundes stadig er i endring. I tillegg er linjer og trådar som vert til noko tredimensjonalt, viktige for Pepper.

Den amerikanske kunstnaren Jen Pepper har sett tre Ålvik-kvinner i sving med å strikka eit kart av fjorden i tradisjonelle norske mønster.

VILDE GRIMELID OPPEDAL
oppedal@hf.no

Pepper budde i Kunstnarhuset Messen i Ålvik 3.–28. mars. Kunstnaren er fascinert av vatn, og arbeida hennar er inspirerte av stadene ho oppheld seg på. Slik oppstod ideen til prosjektet.

– Eg hadde lyst til å laga noko som har med vatn å gjera. Vatn er så viktig og er alltid med oss, samstundes som det alltid er i endring, seier Pepper.

Ho vaks opp med ei mor som strikka mykje, og har alltid drive med handarbeid sjølv.

– Eg vov og hekla allereie som barn. Det er noko tiltalende ved det å veva saman ei linje, ein tråd, som vert noko tredimensjonalt, som ein genser. Det same gjeld

strikking, fortel Pepper.

Linjer er viktig også i teikningane til Pepper.

Ho er opphavleg frå Toronto, men er til dagleg professor i kunst ved Cazenovia College i staten New York. I tillegg er ho gallerisjef ved skulen.

Såg kartet

Då Pepper først kom til Ålvik, klarte ho ikkje gjera noko fordi alt var så framand. Ho måtte finna ut kva ho ville skapa.

Eit kart over Hardangerfjorden i arbeidsrommet hennar sette i gang kreativiteten.

– Eg er interessert i topografi, i tillegg til vatn. Eit kart over ein fjord er alltid i endring, slik som vatnet, seier Pepper.

Ho byrja strikka eit kart over fjorden, og vart interessert i korleis dette ville vera i stor skala.

Pepper var sikker på at det måtte vera dyktige strikkarar i Ålvik, og ønskte å verta med i ei strikkegruppe.

– Eg liker å verta med i slike grupper for å ta del i aktivitetar i

samfunnet der eg er, fortel Pepper.

Bjørn Otto Wallevik sette Pepper i kontakt med kona, Merete Salvesen Wallevik, som er med i ei strikkegruppe.

Entusiasme

Pepper vart invitert til gruppa, der ho presenterte ideen om å strikka fjorden. Påfunnet vart møtt med entusiasme.

Dei fire kvinnene starta arbeidet med å blåsa opp eit kart over fjorden med hjelp av ein prosjektor. Kunstverket skal vera kring 4,5 meter langt og 1,5 meter breitt.

Skissa vart teikna på papir, og Pepper fann fleire norske mønster på nettet som det vart laga ein kollasj av på skissa.

– Eg ønskte å framheva Ålvik. I tillegg fann eg ut at fjorden er djupast her, seier Pepper.

Ho ser prosjektet som ein måte å knyta seg sjølv til ålviksamfunnet på.

Har teke over

Wallevik har no teke over det vidare arbeidet med kunstver-

ket saman med Astrid Farestveit Selsvold og Camilla Gangal. Dei tre skal strikka ein del av fjorden kvar.

– Eg har arbeidd med dei for å finna ut korleis mønster skal setjast saman, fortel Pepper.

Pepper understrekar at namna til dei tre damene vil verta viste dersom verket skal stillast ut.

– Dette vert desse kvinnene si tolking av min kollasj. Dei skal arbeida med tradisjonelle fargar, seier Pepper.

Kvinnene står fritt i tolkinga, og kunstverket kan difor verta annleis enn Pepper har sett føre seg.

Vil fotografera

Pepper håpar strikkekunsten kan vera ferdig til slutten av mai. Då har ho moglegheit til å ta turen til Ålvik etter eit opphald i Danmark, før ho reiser tilbake til USA.

Før ho reiser, ønskjer ho å fotografera folk med strikkekunsten på grassletta nedanfor parkeringsplassen ved Messen.

– Fotoserien vil verta kalla

”korleis ha på seg Hardangerfjorden?”, etter forslag frå Bjørn Otto Wallevik, fortel Pepper.

Ho ønskjer at folk pakkar seg inn i den strikka fjorden og har den på seg som til dømes ein turban eller ein kjole, eller nyttar den som ein barnesele.

– Det er viktig å få teke desse fotografia her i Ålvik for å skapa eit band til området, seier Pepper.

Kunstnaren ser på det å pakka seg inn i fjorden som ein måte å omfamna ideen om Ålvik og Hardangerfjorden på.

– Det er fullt av potensial, seier Pepper.

Dersom verket vert ferdig til mai, ønskjer Pepper å få synt det fram til kvemmingane.

– Eg håpar me kan ha ope hus eller noko liknande, seier Pepper.

– Eit flott opphald

Pepper har alltid ønskt å komma til Noreg, og er svært nøgd med tida i Ålvik.

– Eg kjenner ei tilknytning til snøen og det skiftande vêret. I tillegg elsker eg den norske strikke-tradisjonen, seier ho.

Kunstnaren oppheld seg gjerne i kunstnarbustader i ulike land når ho har periodar med fri frå professorgjerninga.

Pepper ønskjer gjerne å komma attende til Messen, gjerne i ei anna årstid.

– Eg er veldig fascinert av dei ulike refleksane folk går med her om vinteren, og vil gjerne laga eit verk ut frå det, fortel Pepper.



Skisser: Disse skissene av fjorden laga Pepper då ho fann ut at ho ville skapa noko som er knytt til vatn og fjorden.



Inspirasjon: Jen Pepper vart inspirert då ho såg dette kartet over Hardangerfjorden.